



Ypsøy Kystgard
Øpso 17
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar: Vagleik M. Ypsøy
Vår: 21/5183 - 21/37800

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
04.06.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 350/3 Øpso

Administrativt vedtak: Saknr: 651/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Vagleik M. Ypsøy dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 04.06.2026 for gbnr 350/3 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket Vagleik M. Ypsøy har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 350/3. Dagens driftsomfang er 40 vinterfora sauer. Driftsformen er utgangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel og søkjerer brukar ikkje kunstgjødsel.

Søkjer eig 5 daa fulldyrka mark ,1 daa overflatedyrka mark og 10 daa innmarksbeite. Søkjerer leig 19 daa fulldyrka mark ,1 daa overflatedyrka mark og 6 daa innmarksbeite.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå foretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for foretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/5183»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ypsøy Kystgard

Øpso 17

5917

ROSSLAND